

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 14.02.2008  
Sakhandsamar: Ivar Eriksen  
Saka gjeld: **Årleg melding for 2007**

**Arkivsak**  
2008/87/  
**Styresak 021/08 B**

**Styremøte 25.02. 2008**

## Bakgrunn:

Helseføretakslova § 34 og vedtekten for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneholder styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Fristen for innsending av årleg melding for 2007 er sett til 1. mars 2008.

Forslag til årleg melding for 2007 er lagt ved.

## Kommentarar:

### **Årleg melding som ein del av eit samanhengande plan- og meldesystem**

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske mål som er sett er innfridd.

Vedtekten for Helse Vest RHF § 15 (Melding til departementet) har følgjande ordlyd:

*"Styret skal innen den 1. mars hvert år sende en melding til departementet som omfatter styrets plandokument for virksomheten og styrets rapport for foregående år. Plandokumentet skal være av strategisk og overordnet karakter og vise hovedtrekkene i virksomhetens fremtidige drift innenfor de rammebetingelser som er gitt av staten som eier og helsemyndighet. Denne delen av plandokumentet vil inngå i vurderingsgrunnlaget for behandlingen av de enkelte års statsbudsjett.*

*Plandokumentet skal videre, med utgangspunkt i vurderinger av eksisterende drift, gi beskrivelse av forventede endringer i befolkningens behov for helsetjenester og i den helsefaglige utviklingen på fagområdene, vise behovet for utvikling og endring av tjenestene og driften av*

*virksomheten og styrets vurdering av ressursbruken for de nærmeste årene, med forslag til finansiering.*

*Rapporten om virksomheten fra foregående kalenderår skal vise hvordan pålegg og bestemmelser som er gitt i foretaksmøtet eller satt som vilkår for bevilgninger, er fulgt opp. Rapporten skal også vise virksomhetens utvikling i forhold til det regionale foretakets plandokument.”*

### **Årleg melding frå helseføretaka**

I styringsdokumenta frå Helse Vest til helseføretaka blir det stilt krav om at helseføretaka skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest. Meldinga skal følgje den same oppbygginga som meldinga frå Helse Vest til departementet. Dei årlege meldingane frå helseføretaka blir brukt ved utarbeidninga av årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet.

### **Årleg melding for 2007**

Årleg meldinga er delt inn to hovuddelar; styret sitt plandokument (del 1) og styret sin rapport for året som var (del 2). I tillegg har dokumentet ei innleiing der Helse Vest sitt strategidokument Helse 2020 og hovudområda for styring og oppfølging i 2008 blir omtala.

Plandokumentet er av strategisk og overordna karakter og viser hovudtrekk i den framtidige drifta til verksemda innanfor dei rammevilkåra som er gitt. I plandokumentet blir det også gjort greie for korleis utviklinga i folkesetnaden, helsetilstanden til folk, den medisinske teknologien og forventingane til helsetenestene vil påverke behovet for å utvikle og endre tenestene og måten verksemda blir driven på.

I styret sin rapport blir det gitt ei relativt detaljert tilbakemelding på oppfølginga av styringskrava i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF (kapittel 2), og på styringskrava stilt i foretaksmøtet i Helse Vest RHF 13. februar 2007 (kapittel 3).

Utkast til årleg melding for 2007 har vore oversendt til regionalt brukerutval. Uttale frå brukerutvalet ligg ved.

### **Forslag til vedtak:**

Styret godkjenner forslaget til årleg melding for 2007, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedlegg 1: Forslag til Årleg melding for 2007

Vedlegg 2: Årsmelding for 2007 frå det regionale brukarutvalet